



Fylkesmannen i Hordaland  
Grethe Fjeld  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1619 - 17/6143

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:  
27.02.2017

## Felles nasjonalt tilsyn 2016 - Tilbakemelding frå Lindås kommune

Viser til endelige tilsynsrapportar og risikovurdering knytt til opplæringslova § 13-10, etter gjennomført tilsyn med Lindås kommune ved Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule. Tema for tilsynet var *Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Skulebasert vurdering og Forvaltningskompetanse*. Fylkesmannen konstaterte brot på regelverket, og sette frist for retting av dei ulovlege forholda til 1.3.17.

Vedlagt følgjer ei orientering om kva Lindås kommune har gjort for å rette opp Fylkesmannen sine funn.

### Ostereide ungdomsskule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering

#### *Skulens arbeid med opplæring i fag*

Det er ikkje dokumentert at innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. Eventuelle avvik frå LK06 er heller ikkje synleggjort.

For å rette opp lovbrotet går rektor gjennom alle enkeltvedtaka og IOP-er, samt rettar opp feil slik at IOP stemmer med enkeltvedtaket. Rektor ser til at avvik frå LK06 er synleggjort både i enkeltvedtak og IOP, slik at det er tydeleg kva eleven er friteken frå eller har eigne kompetanse mål for. Kommunal mal for enkeltvedtak skal nyttast, og denne inneheld ein tabell for å skrive inn eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga.

#### *Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte*

Det er ikkje dokumentert at lærarane sørger for at elevane kjenner til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva som blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Det er ikkje godt gjort at skulen har rutinar som sikrar at det i halvårvurderinga utan karakter blir gjeve informasjon til alle elevane om elevane sin kompetanse i fag og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.



Det er sett i verk eit utviklingsarbeid i personalet for å arbeide med dette avviket. I dette arbeidet har skulen fokus på at lærarane informerer elevane og gir rettleiing om kva som blir lagt vekt på i vurderinga i det einskilde fag, samt og kjenneteikn på ulik grad av kompetanse.

Det er avtalt følgjande med personalet:

- Halvårsplanane - Lærar skriv ei generell oversikt over kva som blir lagt vekt på i faget
- Vurderingskriterier og kjenneteikn på måloppnåing for ein skildtema/prøver i faget blir utforma i samarbeid mellom lærar og elevar
- Lærar ser til at elevane er kjende med sentrale kjenneteikn på måloppnåing i faget slik Udir har utforma desse, samt forklarer elevane kva dette betyr

Som ein del av dokumentasjonskravet i samband med svar på tilsynet, legg Lindås kommune ved halvårsplanar i faga norsk, matematikk og kunst og handverk samt ei erklæring på at alle elevar har fått ei halvårvurdering utan karakter i samsvar med lovkrava. Dette også i samsvar med innhaldet i tilbakemelding til førebels rapport frå Fylkesmannen, der rektor informerte om at alle elevane vil få ein elevsamta i januar 2017. I denne samtalet orienterer lærar eleven om eleven sin kompetanse i alle faga og korleis eleven kan auke kompetansen sin.

Rektor og skuleeigar har gått gjennom innhald og struktur i dei justerte årsplanane, og har merka seg fleire forbetningsområde. Det er eit mål at skulen frå neste skuleår skal ha felles mal for årsplanane og at dei skal speile Ostereidet ungdomsskule både i uttrykk og innhald. Planen skal t.d. stilast direkte til elevane og ikkje vere kopi av sidene til Udir. Det skal vere lett for elevane å forstå kva som blir lagt vekt på i vurderinga. Saman med lærarane vil rektor definere kva som kjenneteikner ein god halvårsplan, slik at lærarane kan legge dette til grunn i vidare planleggingsarbeid. Rektor ser til at denne prosessen blir gjennomført i vår og at nye årsplanar er på plass til nytt skuleår.

Gjeldande årsplanar er tilgjengeleg for elevane på It's learning.

Munnleg tilbakemelding til elevane i samband med halvårvurdering utan karakter har gått fint. Her har skulen kopiert praksisen til ein av lærarane, noko som det har vore positiv respons på både frå elevar og tilsette.

## Forvaltningskompetanse

### Knarvik barneskule

#### *Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak*

Skulen oppfyller ikkje krava i lova om at førehandsvarsel må innehalde opplysningar om kva saka gjeld, kva føresegner i lova vedtaket byggjer på og kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket.

Skulen oppfyller ikkje lovkravet om å vise til heimelen som vedtaket byggjer på.

Skulen gjer vedtak som ikkje inneheld ei grunngjeving der det blir vist til kva forhold rundt skulesituasjonen til eleven som er grunnlaget for vedtaket.

Skulen gjer vedtak som ikkje inneheld opplysning om retten til å sjå saksdokumenta.

For å rette opp lovbrota tar Knarvik barneskule i bruk kommunal mal for førehandsvarsle. Malen inneholder punkt om kva saka gjeld, informasjon om kva for føresegner i lova saka byggjer på og informasjon om kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon varselet byggjer på.

Knarvik barneskule tar også i bruk kommunal mal for enkeltvedtak om spesialundervisning og særskild språkopplæring. Desse malane inneholder opplysninger om kva heimel i lova vedtaket byggjer på, samt eit avsnitt der rektor skal grunngje kva for forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket.

I malen er det gitt informasjon om retten til å sjå saksdokumenta, ved at føresette blir oppmoda om å ta kontakt med skulen om dei ønskjer å sjå dokumenta i saka.

#### *Enkeltvedtak om spesialundervisning*

Skulen oppfyller ikkje krava i lova om å informere om omfang, innhald og organisering i enkeltvedtaka om spesialundervisning.

For å rette opp lovbrotet tar Knarvik barneskule i bruk kommunal mal for spesialundervisning. Malen inneholder krav til å fylle inn opplysningar om tal timer med spesialundervisning, å synleggjere fag/område og eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga samt korleis spesialundervisninga skal organiserast.

#### *Enkeltvedtak om særskild språkopplæring*

Vedtaka inneholder ikkje opplysningar om omfanget av opplæringa, kva for læreplanar eleven skal følgje og organiseringa av opplæringa i tråd med lova.

Skulen gjer ikkje enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring når eleven startar i den ordinære opplæringa og overføringa skjer før tidsperioden vedtaket gjeld for, er utløpt.

For å rette opp lovbrota tar Knarvik barneskule i bruk kommunal mal for særskild språkopplæring. Malen inneholder opplysningar om tal timer med særskild språkopplæring, kva for læreplan eleven skal følgje samt organisering av denne opplæringa.

For å sikre at alle rektorane fattar vedtak om opphøyr av særskild språkopplæring når eleven startar i den ordinære opplæringa og overføringa skjer før tidsperioden enkeltvedtak om særskild språkopplæring gjeld, er utløpt, har skuleeigar etablert ein felles mal for dette. Knarvik barneskule nyttar denne malen ved framtidige saker der eleven blir overført til ordinær opplæring i ein vedtaksperiode.

Andre tiltak som blir sett i verk og gjennomført på skulenivå før neste skuleår:

- Skulen har sett i verk eit arbeid for å sikre felles forståing og praksis i høve til vurdering av fag/område spesialundervisning skal byggje på samt eventuelle avvik frå LK06.
- Skulen sitt ressursteam skal ha ei aktiv rolle i høve til oppfølging av tilsette/elevar med omsyn til spesialundervisning og særskild språkopplæring, og skal fungere som eit kompetansebyggjande team rundt dei tilsette.
- Ressursteamet har gått gjennom dei manglane/forbetringspunkta som tilsynet peika på for Knarvik barneskule sin del. Dei har drøfta med representant for PPT korleis dei kan gjera dette arbeidet på ein god måte frametter. Ny mal for sakkunnig uttale vil vera meir tydeleg enn tidlegare i høve til arbeidet som skal gjerast opp mot kva K06 seier.

- Alle einskildvedtak vil bli jobba med i skulen sitt ressursteam (PPT vert ikkje med i kvar dagen på dette arbeidet – med i teamet vert då gjeldande lærar/kontaktlærar, dei to spes.ped.kontaktane, inspektør og rektor). Her går nøyne gjennom gjeldande elevar sine behov og den dokumentasjonen som ligg til grunn for dette. Her vil skulen ha fokus på mål for arbeidet, kva det skal jobbast med og korleis.
- Det er sett av tid på fellestida til at leiing og ressursteam kan jobba med dette saman med lærarane. Skulen er i oppstarten av dette arbeidet no – har fokus på neste skuleår. Skulen skal delta på satsinga «Kompetanse for mangfald», og vil i samband med dette evaluere interne rutinar samt etablere kompetansebyggjande tiltak i personalet. Skulen har som mål å lære av denne prosessen samt etablere gode og tydelege rutinar innan dette arbeidet.

## Ostereidet ungdomsskule

### *Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak*

Skulen oppfyller ikkje lovkrava til førehandsvarsle til elevar som er 15 år i saker der det er aktuelt med avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.

Skulen oppfyller ikkje krava i lova om at førehandsvarsle må innehalde opplysningar om kva saka gjeld.

Skulen oppfyller ikkje lovkravet om å vise til heimelen som vedtaket byggjer på.

Skulen gjer vedtak som ikkje inneheld ei grunngjeving der det blir vist til kva forhold rundt skulesituasjonen til eleven som er grunnlaget for vedtaket.

For å rette opp lovbroa tar Ostereidet ungdomsskule i bruk kommunal mal for førehandsvarsle, og sender dette til føresette og elevar over 15 år, før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet. Malen inneheld eit punkt om kva saka gjeld, der rektor skal skissere dei faktiske forhold som er lagt til grunn.

Ostereidet ungdomsskule tar også i bruk communal mal for enkeltvedtak om spesialundervisning og særskild språkopplæring. Desse malane inneheld opplysningar om kva heimel i lova vedtaket byggjer på, samt eit avsnitt der rektor skal grunngje kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket. Malen inneheld også eit punkt om kva saka gjeld, der rektor skal skissere dei faktiske forhold som er lagt til grunn.

### *Enkeltvedtak om spesialundervisning*

Foreldra/elevan får ikkje alltid høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtaket blir gjort, slik lova krev.

Skulen gjer vedtak der avvik frå sakkunnig vurdering ikkje er grunngitt. Dette er ikkje i samsvar med lovkrava.

Skulen oppfyller ikkje krava i lova om å informere om omfang, innhald og organisering i enkeltvedtaka om spesialundervisning.

For å rette opp lovbroa etablerer Ostereidet ungdomsskule ei rutine for at elevar over 15 år og føresette får høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før det blir laga eit enkeltvedtak. Av rutineskildringa går det fram at skulen skal bruke communal mal for førehandsvarsle samt skjema for samtykke til at skulen set i verk spesialundervisning.

PPT har justert sin mal for sakkunnig vurdering, der det er gitt ein uttalefrist på 14 dagar på denne vurderinga. PPT inviterer føresette, elevar over 15 år og skule til tilbakemeldingsmøte etter gjennomført kartlegging. Skulen kallar inn føresette og elevar over 15 år til samtale 14 dagar etter at den sakkunnige vurderinga er ferdigstilt, for å forvisse seg om at tilrådinga er forstått.

Ostereidet ungdomsskule tar i bruk kommunal mal for enkeltvedtak om spesialundervisning . Etter malen skal rektor grunngi eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga, og det skal kome tydeleg fram kva avviket består av. Det er ein tabell i malen der rektor skal fylle inn opplysningar om organisering, omfang, innhald og organisering.

#### *Enkeltvedtak om særskild språkopplæring*

Vedtaka inneholder ikkje opplysningar om omfanget av opplæringa, kva for læreplanar eleven skal følgje og organisering av opplæringa i tråd med lovkrava.

For å rette opp lovbrotet tar Ostereidet i bruk kommunal mal for særskild språkopplæring. Malen inneholder opplysningar om tal timar med særskild språkopplæring, kva for læreplan eleven skal følgje samt organisering av denne opplæringa.

#### *Skuleeigar sitt vidare arbeid*

Gjennom arbeidet med tilsynet har skuleeigar gått gjennom og forbetra gjeldande malar for enkeltvedtak, skjema for samtykke og førehandsvarsle. Skuleeigar har etablert ein ny mal for opphør av særskild språkopplæring i ein vedtaksperiode og PPT har justert sin mal for sakkunnig vurdering til også å innhalde informasjon om rett til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga.

Einingsleiar får kopi av alle vedtak som blir gjort og føl opp rektorane individuelt med omsyn til vedtak som blir gjort. Skuleeigar held fram med å ta stikkprøvar av enkeltvedtaka knytt til spesialundervisning og særskild språkopplæring.

Dei to kursdagane med Svein Børteit kring temaer Forvaltningskompetanse er nyleg gjennomført, og der var alle skulane representert. Vi fekk gode tilbakemeldingar på innhaldet, og det var ei engasjert rektorgruppe som deltok her. Skuleeigar vil følgje opp temaet i skuleleiarmøta og krev at alle rektorane i kommunen nyttar kommunale malar i sitt forvaltningsarbeid. Alle malane er lagt inn i websak, som sikrar at det alltid er siste versjon som blir brukt.

Vidare vil skuleeigar i eit rektormøte (april) arbeide med praktiske døme på bruk av mal for førehandsvarsle, samtykke til å setje i verk spesialundervisning/særskild språkopplæring, vedtak om spesialundervisning/særskild språkopplæring samt avvikling av denne opplæringa i ein vedtaksperiode. Skuleeigar vil følgje opp rektorane både som gruppe og individuelt til ein ser at vi har oppnådd ønska forvaltningspraksis. Dette arbeidet vil halde fram dei komande åra.

Lindås kommune takkar for godt samarbeid med Fylkesmannen i samband med tilsynet.  
Ta kontakt med underteikna om det er ønskeleg med fleire opplysningar i saka.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Fråsegn - Ostereidet ungdomsskule  
HALVÅRS KUNST OG H 9. - v 2017  
KVARTÅRSPLAN KH 10.KL. 2017  
Ny halvårsplan teknisklforming 10 kl med eigavurdering  
Årsplan matematikk 10. klasse 2016 2017  
Halvårsplan i norsk 10. trinn våren 2017  
Halvårsplan-i-norsk 9. trinn-v-2017  
Matematikk 9a våren17 - årsplan

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN